Fyresdal kommune

Arkiv:
Saksmappe: 2026/1125-1
Saksbeh.: Lars Erik Storm Loraas
Dato: 20.10.2026

Saksframlegg

Lokal forskrift om omdisponering av timar i grunnskulen

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har: hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg

Dokument i saka:
Ingen vedlegg. Administrasjonen utarbeider og legg ved nødvendige dokument i samband med høyringa.

Bakgrunn for saka:
Opplæringslova § 1-6 opnar for at kommunen kan omdisponere inntil 10 prosent av timane i fag i grunnskulen. Ei lokal forskrift kan gi Gimle skule større fleksibilitet til å organisere opplæringa, mellom anna gjennom meir praktisk, variert og tverrfagleg undervisning. Saka gjeld forslag til lokal forskrift og vidare høyring før endeleg politisk behandling.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; oppvekst og utdanning.

Bakgrunn for saka

Opplæringslova § 1-6 andre ledd opnar for at kommunen kan fastsetje lokal forskrift om omdisponering av inntil 10 prosent av timane i fag til andre fag eller særskilde tverrfaglege aktivitetar.

Fyresdal kommune ønskjer å vurdere korleis dette handlingsrommet kan nyttast i grunnskulen. Ei lokal forskrift kan gi skulen større fleksibilitet til å organisere opplæringa ut frå lokale behov og leggje til rette for meir variert og tverrfagleg undervisning.

Kommunen har ein grunnskule. Det gir gode føresetnader for å utvikle ei ordning som er tilpassa lokale forhold og som kan nyttast på ein heilskapleg måte i organiseringa av opplæringa.

Føremål og moglegheiter

Føremålet med ei lokal forskrift er å gi skulen større handlingsrom til å organisere opplæringa med sikte på å støtte elevane sitt engasjement, læringsglede og læringsutbytte.

Fleksibiliteten kan mellom anna gi rom for:

- tverrfaglege undervisningsopplegg

- meir praktisk og variert opplæring
- lokale prosjekt og aktivitetar
- betre samanheng mellom fag og læringsaktivitetar.

Dette er moglege bruksområde. Korleis ordninga eventuelt skal nyttast i praksis, må vurderast av skulen innanfor rammene i regelverket og den lokale forskrifta.

Rammer for ordninga

Omdisponeringa må skje innanfor rammene i opplæringslova og dei nasjonale reglane for fag- og timefordeling.

Det inneber mellom anna at elevane framleis skal få det samla minstetimetalet dei har krav på, og at minst 90 prosent av timane i kvart fag skal vere att etter den nasjonale fordelinga.

Omdisponering av timar mellom fag kan berre skje innanfor hovudtrinna 1.–4., 5.–7. og 8.–10. trinn.

Vidare framdrift

Dersom OKO sluttar seg til framlegget, vil administrasjonen ferdigstille høyringsdokumenta og sende forslaget på open høyring i seks veker.

Etter høyringsfristen vil administrasjonen:

- oppsummere og vurdere innspela
- vurdere om det er behov for å endre forskriftsforslaget
- leggje fram ei ny sak for OKO med forslag til endeleg forskrift.

Saka blir deretter lagd fram for kommunestyret for endeleg vedtak.

Målet er at forskrifta skal kunne tre i kraft frå 1. august 2027.

Konklusjon:
Det blir tilrådd å sende forslag til lokal forskrift om omdisponering av timar i grunnskulen på open høyring i seks veker.

Innstilling frå kommunedirektøren:

1. Utval for oppvekst, kultur og omsorg sluttar seg til at Fyresdal kommune arbeider vidare med ei lokal forskrift om omdisponering av inntil 10 prosent av timane i fag i grunnskulen.
2. Forslag til lokal forskrift blir sendt på open høyring i seks veker, med dei presiseringane og eventuelle endringane som kjem fram i behandlinga i utvalet.
3. Høyringa skal gi tilsette, føresette, elevar, organisasjonar og andre interesserte høve til å uttale seg om forslaget.
4. Etter høyringa skal administrasjonen oppsummere og vurdere høyringsinnspela og leggje fram ei ny sak for OKO, med tilråding om endeleg forskrift til kommunestyret.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Lars Erik Storm Loraas
	kommunalsjef kultur og oppvekst